



Kari Medaas
Alvervegen 95
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/37 - 18/9345

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
21.03.2018

Svar på søknad om redusert gebyr - gbnr 137/21 Alver

Administrativt vedtak. Saknr: 135/18

Saksutgreiing

Lindås kommune mottok 14.03.2018 klage/søknad om redusert gebyr på kr 26 100,- knytt til handsaming av søknad om løyve til frådelling av naustetomt på gbnr 137/21.

Søknaden er grunnlagt i at tilleggsdokumentasjon i saka som tiltakshavar opplyser er levert inn til kommunen i mai 2017, ikkje er registrert i kommunen sitt sakshandsamingssystem. Tiltakshavar skriv at dersom opplysningane hadde blitt registrert ville saka blitt handsama på eit tidlegare tidspunkt og at dette forhold har påført han utgifter i samband med sal av tomta. Tiltakshavar ber om at Lindås kommune ettergir gebyret eller minst halverer dette.

Vurdering

Gebyret det er klaga på/søkt om reduksjon av er gebyr for sakshandsaming av søknad om løyve til frådelling av naustetomt på gbnr 137/21, jf administrativt vedtak saknr 023/18 datert 31.01.2018.

I samsvar med gjeldande gebyrregulativ, punkt 4.1, skal den som får utført tenester etter dette regulativet, betala gebyr i samsvar med satsane og føresegnene i regulativet. Handsaminga av saka er gebyrlagt med kr 26 100,-.

Utdrag frå fakturagrunnlaget:

9.1.2	Dispensasjon frå plankrav og plan- og bygningslova § 1-8 (byggjeforbodet i strandsona)	2	Kr 9 500,-	19 000,-
11.1.2 b	Deling som er i samsvar med arealføremål , men der området er uregulert.	1	Kr 7 100,-	Kr 7 100,-
	Totalt gebyr å betala:			Kr 26 100,-



Kommunen mottok 03.01.2017 søknad om frådelling av nausttomt på gbnr 137/21. Søknaden var ikkje komplett ved søknadstidspunktet. Det er mottatt tilleggsdokumentasjon i saka 05.02.2017 og 01.12.2017. Vedtak i saka vart fatta 31.01.2018, jf administrativt vedtak saknr 023/18.

Klagen på gebyret/søknaden om redusert gebyr er mottatt etter at klagefristen er ute. Kommunen har i dette tilfelle likevel vald å ta klagen til handsaming på grunn av historikken i saka.

Kommunen finn etter ei konkret vurdering at vi i dette tilfelle vil fråfalla kravet om gebyr for vedtaket fatta 31.01.2018. Det er lagt til grunn for avgjerda at det kan liggja føre avvik knytt til kommunen si handsaming av innsend dokumentasjon og at dette har resultert i ei relativt stor forlenging av sakshandsamingstida.

Utsend faktura på sakshandsamingsgebyr vert kreditert.

VEDTAK

Kommunen tek klagen/søknaden om redusert gebyr til følgje. Utsend faktura på sakshandsamingsgebyr knytt til vedtak datert 31.01.2018, jf administrativt vedtak saknr 023/18, på kr 26 100,- vert kreditert.

Grunngjevinga for vedtaket går fram av saksutgreiinga.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Kari Medaas
Nils Medaas

Alvervegen 95 5911
Vardane 81 5911

ALVERSUND
ALVERSUND

Mottakarar:

Kari Medaas

Alvervegen 95 5911

ALVERSUND